Bremanger kommune
Plan og forvaltning

Sogn og Fjordane fylkeskommune,Samferdsleavdelinga
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref:	**Dykkar ref.**	**Dato:**
17/9199 - - IH	17/1019 - 6	03.11.2017

Fråsegn i samband med høyring av Handlingsplan for trafikktrygging Sogn og Fjordane 2018 - 2021

Vi viser til dykkar brev datert 29.09.17 vedkomande høyring av framlegg til handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2012, jamfør vedtak i fylkestrafikktryggingsutvalet sak 8/17. Handlingsplanen er i hovudsak retta mot haldningsskapande arbeid, herunder god trafikkåtferd, som er eit satsingsområde i planen for å sikre trafikantane. Stortinget har vedteke 0-visjon i høve drepne og skadde i trafikken, og utviklinga har hatt ein positiv trend sidan 70-talet. I vårt fylke utgjer utforkøyringsulukker og møteulukker dei største kategoriane. Fysiske tiltak mot utforkøyringsulukkerog møteulukker blir handtert gjennom prioriteringar i Regional transportplan, der det er fokus på tiltak som oppføring av rekkverk og sikring av sideterreng.

Handlingsplanen legg vekt på tiltak i høve sikringsutstyr, rus, og trafikkåtferd som fartsnivå og omsyn til andre, og omfattar alle trafikantgrupper. Ein vonar planen blir følgt opp med tilstrekkeleg ressursar til gjennomføring av tiltak, og at det blir vurdert nærare korleis ein skal treffe aktørar i transportbransjen på ein effektiv måte, også ut over dei lokale. I tillegg til gode tiltak innanfor haldningsskapande arbeid m.v., vil vi peike på kor viktig midlane til Trafikktryggingstiltak i kommunane, TIK, er for å få gjennomført fysiske tiltak for tryggare trafikkforhold ved skular og barnehagar og der born og unge ferdast. Ordninga bør difor vidareførast/utvidast, samstundes som ein ynskjer å nemne etablering av møteplassar og fjerning av sikthinder som viktige tiltak for trafikktrygging både for køyrande og gåande/syklande på smale vegar som utgjer store deler av vegnettet.

Helsing

Magnhild Myklebust
Leiar plan og forvaltning

Inger Hilde
Arealplanleggjar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Samferdsleavdelinga ved
Ole Ingar Hagen Hæreid

Adresse	**Telefon:**	**Org.nr.**	**E-post postmottak:**	**Internett**
Rådhuset, Postboks 104, 6721 Svelgen	57 79 63 00	959 318 166 **Bankkontonr.** 3776 07 50035	post@bremanger.kommune.no **E-post sakshandsamar:** inger.hilde@bremanger.kommune.no	www.bremanger.kommune.no